

Møteprotokoll

Vinje kontrollutval

Dato: 03.12.2025 kl. 11:30
Stad: Glasromet
Arkivsak: 25/00005

Til stede: Bjørnar Kalbach Christensen (Vtb), leiar
Kari Rustberggård (SV), nestleiar
Gunn Aslaug Seltveit Bøe (Ap), medlem
Hilda Vaa (Sp), medlem
Vetle Frantzen (DNI), medlem

**Møtande
varamedlemmer:**

Forfall:

Andre: Kommunedirektør Jan Myrekrok
Controller Ingrid Sudbø Tveito

Vestfold og Telemark revisjon IKS v/
Teamleiar rekneskapsrevisjon Elizabeth Kasin
Forvaltningsrevisor Geir Kastet Dahle (via Teams)

Vetaks v/
Utvalssekretær/rådgjevar Ingebjørg Liland

**Merknader til
innkallinga:** Ingen merknader til innkallinga.

**Godkjenning av
saksliste:** Sakslista blei godkjend.

**Godkjenning av
møteprotokoll:** Protokoll frå møtet 01.10.25 blei godkjend.

Møteleiar: Bjørnar Kalbach Christensen
Protokollførar: Ingebjørg Liland

Sakskart			Side
Saker til handsaming			
20/25	25/00027-1	Orientering frå revisor 03.12.25	3
21/25	25/00774-1	Kontrollutvalet sin møte- og arbeidsplan 2026	4
22/25	25/00015-7	Referatsaker 03.12.25	6
23/25	25/00794-1	Orientering om kommunedirektørens forslag til budsjett for Vinje kommune 2026	7
24/25	25/00839-1	Rutine for saker til politisk handsaming	8
25/25	25/00889-1	Orientering om status i Vinjeskulen.	9
26/25	25/00796-1	Bestilling av ny forvaltningsrevisjon/eigarskapskontroll	10
27/25	25/00021-9	Innspel til kontrollarbeid 03.12.25	12

Vinje, 03.12.2025

Bjørnar Kalbach Christensen

Saker til handsaming

20/25 Orientering frå revisor 03.12.25

Handsama av	Møtedato	Saksnr
1 Vinje kontrollutval	03.12.2025	20/25

Innstilling frå sekretariatet

Informasjonen vert teke til etterretning.

Møtehandsaming

Teamleder rekneskapsrevisjon Elizabeth Kasin orineterte om den løypande revisjonen i kommunen.

Votering

Samrøystes for sekretariatet sitt forslag til vedtak.

Vedtak

Informasjonen vert teke til etterretning.

21/25 Kontrollutvalet sin møte- og arbeidsplan 2026

Handsama av	Møtedato	Saksnr
1 Vinje kontrollutval	03.12.2025	21/25

Innstilling frå sekretariatet

Møte- og arbeidsplan for kontrollutvalet 2026 vert godkjend.

Planen og møtedatoane er leiande og kontrollutvalet står fritt til å ta opp dei saker og halde dei møte utvalet ynskjer.

Møtedatoar 2026, Onsdagar klokka 12:00:

- 4. mars
- 27. mai
- 23. september
- 2. desember

Kontrollutvalet ynskjer at kontrollutvala sine møter vert lagt inn i den politiske møtekalenderen til Vinje kommune.

Innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret ber kommunedirektøren sørge for at kontrollutvalet sine møter vert lagt inn i den politiske møtekalenderen til Vinje kommune.

Møtehandsaming

Leiar la fram forslag til møteplan.

Votering

Samrøystes for sekretariatet sitt forslag til vedtak.

Vedtak

Møte- og arbeidsplan for kontrollutvalet 2026 vert godkjend.

Planen og møtedatoane er leiande og kontrollutvalet står fritt til å ta opp dei saker og halde dei møte utvalet ynskjer.

Møtedatoar 2026, Onsdagar klokka 12:00:

- 4. mars
- 27. mai
- 23. september
- 2. desember

Kontrollutvalet ynskjer at kontrollutvala sine møter vert lagt inn i den politiske møtekalenderen til Vinje kommune.

Innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret ber kommunedirektøren sørge for at kontrollutvalet sine møter vert lagt inn i den politiske møtekalenderen til Vinje kommune.

22/25 Referatsaker 03.12.25

Handsama av	Møtedato	Saksnr
1 Vinje kontrollutval	03.12.2025	22/25

Innstilling frå sekretariatet

Referatsakene vert tekne til etterretning.

Møtehandsaming

1. NKRF sin kontrollutvalskonferanse
2. Kontrollutvalsleiar sitt utspell i media.
3. VTR Kundeundersøking

Votering

Samrøystes for sekretariatet sitt forslag til vedtak.

Vedtak

Referatsakene vert tekne til etterretning.

23/25 Orientering om kommunedirektørens forslag til budsjett for Vinje kommune 2026

Handsama av	Møtedato	Saksnr
1 Vinje kontrollutval	03.12.2025	23/25

Innstilling frå sekretariatet

Informasjonen vert teken til etterretning.

Møtehandsaming

Kommunedirektør Jan Myrekrok orienterte om kommunedirektøren sitt forslag til budsjett for Vinje kommune 2026, og svara på spørsmål frå kontrollutvalet.

Controller Ingrid Sudbø Tveito kommentera i saka.

Votering

Samrøystes for sekretariatet sitt forslag til vedtak.

Vedtak

Informasjonen vert teken til etterretning.

24/25 Rutine for saker til politisk handsaming

Handsama av	Møtedato	Saksnr
1 Vinje kontrollutval	03.12.2025	24/25

Innstilling frå sekretariatet

Saka vert teken til etterretning.

Møtehandsama

Kommunedirektør Jan Myrekrok orienterte om kommunen sine rutinar for saker som skal til politisk handsaming.

Kommunen har utarbeidd ei ny skriftleg rutine for saksgangen til saker til politisk handsaming. Kommunedirektør sender desse til kontrollutvalet via utvalssekretær.

Votering

Samrøystes for sekretariatet sitt forslag til vedtak.

Vedtak

Saka vert teken til etterretning.

25/25 Orientering om status i Vinjeskulen.

Handsama av	Møtedato	Saksnr
1 Vinje kontrollutval	03.12.2025	25/25

Innstilling frå sekretariatet

Saka vert teken til etterretning.

Møtehandsaming

Kommunedirketør Jan Myrekrok orineterte i saka, og svara på spørsmål frå utvalet.

Votering

Samrøystes for sekretariatet sitt forslag til vedtak.

Vedtak

Saka vert teken til etterretning.

26/25 Bestilling av ny forvaltningsrevisjon/eigarskapskontroll

Handsama av	Møtedato	Saksnr
1 Vinje kontrollutval	03.12.2025	26/25

Innstilling frå sekretariatet

Kontrollutvalet bestiller ein prosjektplan frå Vestfold og Telemark revisjon IKS for ein forvaltningsrevisjon/eigarskapskontroll om

Kontrollutvalet ber om å få ein prosjektplan til handsaming våren 2026.

Møtehandsaming

Kontrollutvalet diskutere kva prosjekt dei ynskjer å bestille.

Forvaltningsrevisor Geir Kastet Dahle deltok via Teams for å hjelpe utvalet med bestillinga.

Leiar foreslo ein eigarskapskontroll av Vest-Telemark museum og deira forvaltning av kust og bygningar. Forslaget vart ikkje votert over.

Kontrollutvalet ynskjer å sette i gang ein forvaltningsrevisjon av grunnskulen i 2027. Mogeleg vinkling kan vere individuell tilpassa opplæring, men utvalet vil sjå nærare på dei forskjellige vinklingane som vart skissert frå forvaltningsrevisor i møtet, før dei tek ei endeleg avgjerse.

Omforent forslag til vedtak:

Kontrollutvalet bestiller prosjektplanar frå Vestfold og Telemark revisjon IKS for følgende prosjekt:

1. Eigarskapskontroll av Kvito AS

Kontrollutvalet bestiller ein generell eigarskapskontroll av Kvito AS. Kontrollutvalet ber revisjonen komme med mogelege vinklingar for forvaltningsrevisjon i selskap. Kontrollutvalet vil ta ei avgjerse om ein utvidar til forvaltningsrevisjon i selskap ved handsaming av prosjektplan.

Kontrollutvalet ber om å få levert prosjektplan i fyrste møtet 2026.

2. Forvaltningsrevisjon av grunnskulen.

Kontrollutvalet ber om å få ein prosjektplan på forvaltningsrevisjon av grunnskulen i siste møtet 2026.

Kontrollutvalet vil komme attende med tema/vinkling av forvaltningsrevisjonen etter møtet i september 2026.

Votering

Samrøystes for omforent forslag til vedtak.

Vedtak

Kontrollutvalet bestiller prosjektplanar frå Vestfold og Telemark revisjon IKS for følgande prosjekt:

1. Eigarskapskontroll av Kvido AS

Kontrollutvalet bestiller ein generell eigarskapskontroll av Kvido AS. Kontrollutvalet ber revisjonen komme med mogelege vinklingar for forvaltningsrevisjon i selskap. Kontrollutvalet vil ta ei avgjerse om ein utvidar til forvaltningsrevisjon i selskap ved handsaming av prosjektplan.

Kontrollutvalet ber om å få levert prosjektplan i fyrste møtet 2026.

2. Forvaltningsrevisjon av grunnskulen.

Kontrollutvalet ber om å få ein prosjektplan på forvaltningsrevisjon av grunnskulen i siste møtet 2026.

Kontrollutvalet vil komme attende med tema/vinkling av forvaltningsrevisjonen etter møtet i september 2026.

27/25 Innspel til kontrollarbeid 03.12.25

Handsama av	Møtedato	Saksnr
1 Vinje kontrollutval	03.12.2025	27/25

Innstilling frå sekretariatet

Saka blir lagt fram utan forslag til vedtak.

Møtehandsaming

Ingen saker vart handsama.